



Møtebok
IS Fjordvegen Rute 13
Styremøte 03.12.2014
Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus
Klokka 09.30 -13.15

Møtet 29.10.2014 vart avlyst grunna uver og stengde vegar.

Leiv Vambheim
Dagleg leiar

Møtte 03.12.2014:

Marta Finden Halset, Torkel Myklebust, Bjørn Laugaland, John Opdal, Edmund Utne, Sigbjørn Hauge, Einar Horvei, Anders Ryssdal

Forfall: Per Kåre Foss, Gustav Løge Fosse,

Sekretariatet: Leiv Vambheim, Trude Rinaldo og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet iks.

Agenda:

09.30 Møtestart – Jostein Vandaskog, Statens Vegvesen orienterer om skiltfilosofi, fjernskilting og nærskilting, ulike typar skilt infoskilt, plassering og oppsetjing.

Spørsmål og drøfting.

11.15 Saksbehandling i styret.

13.15 Lunsj.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Sak 28/14 Meldingar

Dagleg leiar la fram ei ny melding til møtet:

Orientering om Rassirkingskonferansen i Oslo 10.11.2014. Hanne og Marta orienterte.

Det var slike spørsmål/ merknader til meldingane:

Det er viktig å ha gjensidig kontakt med tilstøytande vegsystem. Jf. Forsand

Rassirkingskonferansen er eit viktig fora for IS Fjordvegen. Åshild Kjeldsnes vert invitert til neste styremøte og evt også Årskonferansen.

Sak 29/14 Rekneskapsrapport 2. tertial 2014

Vedtak:

Styret i IS Fjordvegen Rute 13 tek framlagde Rekneskapsrapport for 2. tertial 2014 til vitande.

Styret må framleis arbeida for fleire medlemmer. Ein kan også søkja Ryfylkefondet 2015 om støtte til Årskonferansen.

Sak 30/14 Statsbudsjettet 2015. Orientering og tiltak.

Frå drøftingane:

NTP skal reviderast og SV arbeider no med forslag til tiltak for komande NTP. IS Fjordvegen Rute 13 ber om eit møte med Vegdirektoratet i mars 2015. Brev vert sendt, gjort no i desember. Fjordvegen bør spissa alternative aktuelle tiltak (prioritera td 5 prosjekt) samt orientera om fleire framtidige nødvendige tiltak. Fjordvegen må plukka eitt prosjekt frå kvart fylke. Fylkestinga er ein av dei viktigaste arena for å få støtte til prioriteringa.

Det er no riktig tidspunkt å setja fokus på Indre Stamveg på Vestlandet for no er kysteventyret på hell og næringsvegane i indre Vestlandet kjem no fram att som viktige i samfunnsrekneskapan.

Det er også viktig å få til eit politisk møte med Samferdselsministaren.

Fjordvegen må vera tilstades der beslutningar vert tekne og vera synlege.

Vedtak:

IS Fjordvegen Rute 13 ber om eit møte med Vegdirektoratet i løpet av mars. Brevet vert sendt no i desember 2014.



Det er viktig å ha både kort og lang fokus på vegprosjekt langs Rv 13. Prioriteringa av 5 konkrete prosjekt vert gjort på neste styremøte. Døme: Røssliane (Erfjord-Sand), Vikafjellstunnelen, Odda-Tyssedal (rasikringsprosjekt), Oddadalen. Det er også viktig å nemna opp dei andre aktuelle prosjekt for å få dei inn i tekstdelen i NTP.

Sak 31/14 Påverknadsarbeid vinteren 2014/2015

Sjå drøftingane under sak 30/14

Vedtak:

Påverknadsarbeidet for vinteren 2015 vert godkjent slik den ligg føre etter møtet

Sak 32/14 Revidert Tiltaksplan for profilering.

Vedtak:

Revidert tiltaksplan for profilering vert godkjent slik den ligg føre til møtet.

Sak 33/14 Attraktivitetsanalyse Telemarkforskning

Frå drøftingane:

Det er viktig å få fram kva god samferdsel betyr for attraktiviteten, kva gul stripe betyr for regional utvikling.

Vedtak:

Orienteringa vert teke til etterretning.

Sak 34/14 Årsmøtet og årskonferansen 2015

Frå drøftingane:

Tema: Skilting, Attraktivitetsanalyse, Rassikring, Tideruta Fjordbussen, Politisk trekkplaster Samferdselministaren (FRP Rogaland), Leiar i samferdselskomiteen, Næringslivrepresentant,

Vedtak:

Årsmøtet og Årskonferansen for IS Fjordvegen Rute 13 vert på Ryfylke Fjordhotel onsdag 6. mai 2015. Styremøte kvelden 5.mai 2015.

Sak 35/14 Skilting generelt og Rv 13 spesielt.

Jostein Vandaskog frå Statens Vegvesen orienterte om Vegvesenet sin skiltfilosofi for fjernskilting og nærskilting, for ulike typar skilt som infoskilt og for plassering og oppsetjing.

I drøftingane kom det fram avklarande spørsmål.

Ingen vedtak.

Sak 36/14 Fast post:

Gjennomgang av status for Rute 13.

Styremedlemmene frå kvart fylke orienterer om status RV 13 si utvikling sidan sist møte.

Rogaland:

Anbod Hjelmeland- Nesvik-Ombo kan gje fast halvtimes ferjefrekvens.

Hordaland:

Enconkrysset med gangbru og Bjørgumkrysset i Voss er under arbeid. Joberget og Deildo er i Statsbudsjettet.

Sogn og Fjordane:

Vik-Vangsnæs er i statsbudsjettet med planmidlar.

Ferjefrekvens Hella-Vangsnæs-Dragsvik for halvtimesferjer og nattferjer vert jobba for.

Sak 37/14 Møteplan vår 2015:

25. februar, 17. mars og 5. mai

Leiv Vambheim
referent